



Kunnskapsdepartementet

Vedlegg

# Orientering om statsbudsjettet 2019 for universitet og høgskolar

Etter vedtak i Stortinget 12. desember 2018.

Mål for universitet og høgskolar, budsjett og endringar i løyving og finansieringssystemet.





# Orientering om statsbudsjettet 2019 for universitet og høgskolar

Etter vedtak i Stortinget 12. desember 2018.

Mål for universitet og høgskolar, budsjett og endringar i løyving og finansieringssystemet



## Forkorting av institusjonsnamn

Institusjon	Forkorting
Ansgar Teologiske Høgskole	ATH
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	AHO
Barratt Due musikk institutt – Høyskoleavdelingen og Unge talenter	BD
Bergen Arkitekthøgskole	BAS
MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn	MF
Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærerutdanning	DMMH
Fjellhaug Internasjonale Høgskole	FIH
Handelshøgskolen BI	BI
Høgskolen i Innlandet	HINN
Høgskolen i Molde, vitenskapelig høgskole i logistikk	HiM
Høgskolen i Østfold	HiØ
Høgskolen for landbruk og bygdeutvikling	HLB
Høgskolen i Volda	HiVo
Høgskolen på Vestlandet	HVL
Høyskolen for Dansekunst	HFDK
Høyskolen for Ledelse og Teologi	HLT
Høyskolen Kristiania	HK
Kunsthøgskolen i Oslo	KHiO
Lovisenberg diakonale høgskole	LDH
Musikkteaterhøgskolen	MTHS
NLA Høgskolen	NLA
Nord universitet	NU
Noregs handelshøgskole	NHH
Noregs idrettshøgskole	NIH
Noregs miljø- og biovitenskapelige universitet	NMBU
Noregs musikkhøgskole	NMH
Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet	NTNU
Norges dansehøgskole	NDH
OsloMet – storbyuniversitetet	OM
Samisk høgskole	SH
Steinerhøgskolen	STH
Universitetet i Agder	UiA
Universitetet i Bergen	UiB
Universitetet i Oslo	UiO
Universitetet i Stavanger	UiS
Universitetet i Sørøst-Noreg	USN
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	UiT
VID vitenskapelige høgskole	VID





## Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing .....</b>	<b>11</b>
<b>2</b>	<b>Mål for universitet og høgskolar .....</b>	<b>12</b>
2.1	Om målstrukturen.....	12
2.2	Mål og nasjonale styringsparametrar for 2018.....	14
2.3	Kandidatmåltal for 2019.....	17
2.4	Oppfølging frå departementet og hos institusjonane .....	19
<b>3</b>	<b>Budsjett for universitet og høgskolar .....</b>	<b>20</b>
3.1	Budsjett for 2019 over kap. 260 på Kunnskapsdepartementets budsjett.....	20
	I tillegg løyver Stortinget i samband med budsjettforliket midlar til følgande:.....	21
3.2	Universitets- og høgskolebygg over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet og for Helse- og omsorgsdepartementet.....	21
3.3	Satsar for studieplassar og indikatorane i finansieringssystemet .....	24
3.3.1	Satsar for studieplassar i basis .....	24
3.3.2	Satsar for indikatorar med open budsjettramme .....	24
3.3.3	Satsar for indikatorar med lukka budsjettramme .....	25
3.4	Budsjett per institusjon (kap. 260).....	27
3.4.1	Universitet og statlege høgskolar (kap. 260 post 50).....	28
3.4.2	Private høgskolar (kap. 260 post 70) .....	36
3.4.3	Vidareføring av midlar til SAKS og rehabilitering av bygningar.....	40
3.4.4	Rekrutteringsstillingar .....	40
3.5	Nye studieplassar, vidareføring og opptrapping til heile kull av studieplasstildelingar frå tidlegare år.....	42
3.5.1	Nye studieplassar.....	42
3.5.2	Vidare oppbygging av studieplassar oppretta i 2014, 2015, 2016, 2017 og 2018 .....	43
<b>4</b>	<b>Finansieringssystemet for universitet og høgskolar.....</b>	<b>51</b>
4.1	Rammefinansiering .....	51
4.1.1	Basismidlar .....	51
4.1.2	Resultatbasert finansiering .....	51
4.1.3	Unntak frå finansieringssystemet .....	52
4.2	Resultatbasert utteljing 2019 .....	55
4.2.1	Datagrunnlag .....	55
4.2.2	Indikatorar med open budsjettramme .....	55
4.2.3	Indikatorar med lukka budsjettramme .....	65
4.2.4	Samla resultatutteljing i 2019 .....	68





## Tabeller kap. 4 Finansieringssystemet for universitet og høgskolar

Tabell 1 Tal på 60-studiepoengseiningar i 2017.....	58
Tabell 2 Tal på kandidatar med enkel og dobbel utteljing, 2017 (inkl. etterrapporterte i 2016 og kandidatar med delar av graden innpassa frå ein annan institusjon) .....	60
Tabell 3 Tal på studentutveksling og doktorgradskandidatar 2017 .....	62
Tabell 4 Tal på nye studiepoeng og kandidatar med enkel utteljing etter full innlemming av HK, UiB og UiT.....	64
Tabell 5 Tal på studentutveksling etter full innlemming av HK, UiB og UiT.....	64
Tabell 6 Tal på publiseringspoeng, midlar frå EU, midlar frå Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond og bidrags- og oppdragsinntekter .....	66
Tabell 7 Tal på publiseringspoeng, midlar frå EU, midlar frå Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond og bidrags- og oppdragsinntekter etter full innlemming av HK og UiB.....	68
Tabell 8 Budsjettendring i statsbudsjettet for 2019 til kvar enkelt institusjon for dei resultatbaserte indikatorane (i kroner).....	69
Tabell 9 Opprinnelig utteljing ved HK, UiB og UiT før innlemming .....	70
Tabell 10 Auke i resultatbasert utteljing ved HK, UiB og UiT som følge av full innlemming .....	71
Tabell 11 Tildelt beløp i statsbudsjettet for 2019 til kvar enkelt institusjon for dei resultatbaserte indikatorane (i kroner).....	71
Tabell 12 Rammeløyving 2019 (i kroner) .....	73
Tabell 13 Justerings i basis som følge av endringar i finansieringssystemet i 2017 (i kroner).....	74



# 1 Innleiing

*Orientering om statsbudsjettet 2019 for universitet og høgskolar* gir informasjon om mål for universitet og høgskolar, endringar i rammeløyvinga frå 2018 til 2019 for universiteta og dei statlege og private høgskolane med tildeling over Kunnskapsdepartementets budsjett kap. 260, jf. Innst. 12 S (2018–2019) og Prop. 1 S (2018–2019) for Kunnskapsdepartementet. Orienteringa skal saman med høvesvis tildelingsbrevet til dei statlege og tilskottsbrevet til dei private institusjonene danne grunnlag for dei budsjett disponeringane styret for den enkelte institusjonen vedtar for 2019.

Orienteringa er delt inn i tre kapittel:

## *Mål for universitet og høgskolar*

- Kap. 2 viser dei overordna måla og nasjonale styringsparametrane for sektoren som institusjonane skal legge til grunn. Kap. 2 viser også kandidatmåltal for utvalde utdanningar.

## *Budsjett og endringar i løyving*

- Kap. 3.1 og 3.2 viser vesentlege budsjettendringar for universitet og høgskolar.
- Kap. 3.3 viser satsar for studie plassar og indikatorane i finansieringssystemet.
- Kap. 3.4 viser endringar i løyvingane frå 2018 til 2019 for universitet og høgskolar.
- Kap. 3.5 gir ei oversikt over nye studieplasstildelingar i 2019 og ei oversikt over studieplasstildelingar frå tidlegare år med opptrapping på ordinær måte.

## *Finansieringssystemet*

- Kap. 4.1 beskriv finansieringssystemet i 2019 for universitet og høgskolar.
- Kap. 4.2 beskriv grunnlaget for den resultatbaserte uttellinga i 2019 for universitet og høgskolar.

## 2 Mål for universitet og høgskolar

### 2.1 Om målstrukturen

Kunnskapsdepartementet reviderte målstrukturen for universitet og høgskolar i 2015 for å tydeleggjere regjeringa sine mål og prioriteringar, og for å forenkle målstrukturen.

Departementet har fastsett overordna og langsiktige mål for høgre utdanning og forskning. Måla for 2019 er dei same som dei har vore sidan 2015.

Universitet og statlege høgskolar skal sjølv fastsette egne verksemdmål og relevante styringsparametrar som speglar profilen og utviklingsstrategien til institusjonen. Verksemdmåla skal medverke til å nå dei overordna måla.

Universitet og statlege høgskolar skal legge mål- og resultatstyring, med integrert risikostyring, til grunn for planlegging og oppfølging av verksemda. Departementet har ikkje same styringsrolle overfor private høgskolar, men oppfordrar desse institusjonane til å arbeide på same måte.

Departementet har fastsett nasjonale styringsparametrar på resultatområde som har særleg merksemd i styringa av sektoren. Departementet forventar at institusjonane vurderer egne resultat og ambisjonar på dei nasjonale styringsparametrane.

Etter dialog med sektoren reviderte Kunnskapsdepartementet i 2016 dei nasjonale styringsparametrane. Dei nasjonale styringsparametrane for 2019 er dei same som dei har vore sidan 2016. Eit prinsipp som ligg til grunn, er at datagrunnlaget for alle styringsparametrane skal vere tilgjengeleg i nasjonale databasar eller gjennom nasjonale undersøkingar. Alle styringsparametrane, med unntak av kandidattal, er sette opp som forholdstal slik at resultatata kan samanliknast over tid og mellom institusjonar det er relevant å samanlikne. Enkelte styringsparametrar er likevel mest eigna for samanlikning av resultat over tid for institusjonen, ikkje mellom institusjonar, sidan institusjonane har ulik profil. For kandidattal har departementet fastsett måltal for enkelte utdanningar per institusjon. Nokre av styringsparametrane inngår også som indikatorar i finansieringssystemet. Sjå kap. 4.

Kunnskapsdepartementet har i samarbeid med institusjonane sett samfunns- og effektmål for større bygge- og rehabiliteringsprosjekt i sektoren. Aktuelle institusjonar må ta omsyn til desse måla i planar og i styringa av verksemda.

Departementet innfører gradvis ei ordning med fleirårige utviklingsavtalar mellom departementet og dei statlege institusjonane, jf. Prop. 1 S (2017–2018). Ein utviklingsavtale er ein avtale mellom departementet og ein lærestad som inneheld mål og måleparametrar for prioriterte utviklingsområde for institusjonen. Utviklingsavtalane skal bidra til å nå måla om høg kvalitet og ein mangfaldig sektor gjennom tydelegare institusjonsprofilar og betre arbeidsdeling.

Departementet har inngått avtaler med fem institusjonar frå 2017 (Universitetet i Oslo, Universitetet i Stavanger, Universitetet i Sørøst-Noreg og Høgskolen i Østfold) og med fem nye institusjonar frå 2018 (Nord universitet, Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet, Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen og Høgskolen i Innlandet). Departementet er i dialog med dei elleve siste institusjonane om avtaler frå 2019. Avtalane er ein del av tildelingsbrev.

Innhaldet i avtalen skal i hovudsak utarbeidast etter initiativ frå institusjonen, men departementet kan også ta initiativ til at enkelte forhold bør inngå i avtalane. Ein føresetnad for utviklingsavtalane er at departementet og institusjonen er einige om innhaldet. Departementet tar sikte på at avtalane skal vare i 3-4 år, og at vurderinga av måloppnåing vil skje gjennom kvalitative og kvantitative måleparametrar, som institusjonen og departementet er blitt einige om som del av avtalen. Måla i utviklingsavtalen må vere moglege å operasjonalisere og etterprøve og skal vere ein integrert del av eller samordna med målstrukturen til institusjonane.

Utviklingsavtalane skal bidra til den faglege utviklinga ved universiteta og høgskolane og vere til støtte for styret. Avtalane rokkar ikkje ved det ansvaret styret har for planar, strategiar og forvaltning. Avtalane skal tene som instrument for å løfte område der styret og leiinga ser behov for særskild merksemd. Utviklingsavtalane skal òg vere eit verkemiddel for nasjonal koordinering på frivillig basis.

Prøveordninga legg grunnlaget for at utviklingsavtalar skal bli ein fast del av styringsdialogen for alle dei statlege institusjonane. Departementet tar sikte på at alle institusjonane på sikt skal ha same avtaleperiode. Departementet meiner at eit system med utviklingsavtalar der avtalane startar og sluttar samtidig, vil vere viktig for å nå målet om betre arbeidsdeling.

Departementet er i dialog med sektoren om behovet for å forenkle målstrukturen for universitet og høgskolar. Utviklingsavtalane må ikkje føre til meir byråkrati, men heller bidra til å effektivisere og forbetre styringa. Departementet tar sikte på å innføre eventuelle endringar frå 2020.

I Prop. 1 S (2017–2018) blei det signalisert at Kunnskapsdepartementet ville legge fram forslag til finansieringsmodell for utviklingsavtalar i statsbudsjettet for 2019. På bakgrunn av arbeidet med mogleg forenkling av systemet for mål- og resultatstyringa, vil departementet ikkje no knytte særskild finansiering til utviklingsavtalane.

### 2.2 Mål og nasjonale styringsparametrar for 2018

Kunnskapsdepartementet har fastsett fire overordna mål for høgre utdanning og forskning i Prop. 1 S (2018–2019) for Kunnskapsdepartementet. Universitet og høgskolar som får løyving eller tilskott frå Kunnskapsdepartementet, skal bidra til å nå måla.

Dataspesifikasjonar er tilgjengelege på nettsidene til Database for statistikk om høgre utdanning (DBH)<sup>1</sup>. For rapporteringskrav viser vi til vedlegg til tildelingsbrev.

For 2019 gjeld desse overordna og langsiktig måla og tilhøyrande styringsparametrar (datakjelde for den enkelte styringsparameteren står i parentes):

#### ***Mål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning***

For å møte utfordringane samfunnet står overfor, må høgre utdanning og forskning ha høg kvalitet. Studentane må få god undervisning uansett kva studiestad dei har valt.

Arbeidsgivarar må vere trygge på at kandidatane er godt kvalifiserte, og samfunnet må kunne stole på at forskinga blir utført i solide fagmiljø med høg kompetanse. Evalueringar viser at utdanninga og forskinga i Noreg er god, men at vi har fleire svake og fragmenterte utdannings- og forskingsmiljø, og at vi har få framifrå miljø. Regjeringa vil at alle utdannings- og forskingsmiljøa i Noreg skal ha høg kvalitet, og at fleire skal hevde seg internasjonalt. Dette inkluderer også fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

*Styringsparametrar:*

- *Delen bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid (DBH)*
- *Delen mastergradskandidatar som gjennomfører på normert tid (DBH)*
- *Delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år (DBH)*
- *Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (Studiebarometeret - NOKUT)*
- *Fagleg tidsbruk blant heiltidsstudentar (timar per veke) (Studiebarometeret - NOKUT)*
- *Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk (DBH)*
- *Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk (Forskningsrådet/NIFU)*
- *Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar (DBH)*

#### ***Mål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling***

Grunnlaget for framtidig verdiskaping og velferd i Noreg er å realisere kunnskapssamfunnet. Regjeringa har som ambisjon at Noreg skal vere eit av dei mest innovative landa i Europa. Universitet og høgskolar er sentrale i den økonomiske, kulturelle og sosiale utviklinga både regionalt og nasjonalt, og avgjerande for å vidareutvikle kunnskapssamfunnet. Noreg har eit kunnskapsintensivt arbeidsliv med behov for oppdatert kunnskap og kompetanse. Skal universitet og høgskolar fylla denne rolla, må dei ha eit utstrakt samarbeid med samfunns- og næringsliv. Noreg treng utdanning, forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid,

---

<sup>1</sup> <http://dbh.nsd.uib.no/dokumentasjon/rapporteringskrav/index.action>

kunnskapsdeling og kandidatar som bidrar til nødvendig omstilling, innovasjon og verdiskaping i offentleg og privat sektor.

*Styringsparametrar:*

- *Delen mastergradskandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning (Kandidatundersøkinga - NIFU<sup>2</sup>)*
- *Bidragssinntekter frå Forskringsrådet per fagleg årsverk (DBH)*
- *Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (DBH)*
- *Delen forskingsinnsats i MNT-fag (FoU-statistikken - NIFU<sup>3</sup>)*

### **Mål 3: God tilgang til utdanning**

Utdanningstilbodet skal legge til rette for god tilgang til nødvendig arbeidskraft og kompetanse i alle delar av landet. God tilgang inneber ikkje berre geografisk nærleik, men også tilbod om studiefinansiering og studentbustad, at studietilbodet er tilpassa ulike typar studentar, bruk av digitale læringsressursar og anna som gjer det mogleg med livslang læring. Regjeringa vil at alle skal ha tilgang til høgre utdanning, og at det skal vere mogleg for alle å ta høgre utdanning, uansett kjønn og etnisk, sosial, geografisk og økonomisk bakgrunn. Livslang læring er viktig for å legge til rette for nødvendig omstilling og fornying for den enkelte og for samfunns- og arbeidsliv.

*Styringsparameter:*

- *Kandidattal på helse- og lærarutdanningane<sup>4</sup>, jf. måltal (DBH)*

### **Mål 4: Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem**

Ein effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og tilsvarande forskingssystem skal bidra til best mogleg måloppnåing på dei tre første måla. Universitet og høgskolar forvaltar ein betydeleg del av midlane for fellesskapet. Ressursane skal brukast effektivt og til beste for samfunnet. Institusjonane skal utvikle profilar i tråd med styrke og eigenart, og bidra til ein differensiert sektor med høg kvalitet. Vidare skal dei møte behova i samfunnet på ulike område og bidra til at Noreg kan hevde seg internasjonalt som ein framifrå kunnskapsnasjon. Det vil framleis vere behov for samarbeid, arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon i universitets- og høgskolesektoren etter at struktureforma er gjennomført. Institusjonane må halde fram med å sjå korleis dei saman kan løyse utfordringar i sektoren. Institusjonar som har grunnlag for det, er forventa å dyrke fram utdannings- og forskingsmiljø som kan hevde seg i verdstoppen.

Styringsparametrane under dei tre første måla vil også seie noko om måloppnåinga på dette målet, sidan mål 4 er eit tverrgående mål som skal bidra til best mogleg måloppnåing på dei tre første måla.

---

<sup>2</sup> Undersøkinga blir gjennomført annakvart år.

<sup>3</sup> Undersøkinga blir gjennomført annakvart år.

<sup>4</sup> Kandidatmåltala går fram av tabellen under kap. 2.3.



Departementet har i tillegg sett disse styringsparametrene under mål 4:

*Styringsparametrar:*

- *Talet på studiepoeng per fagleg årsverk (DBH)*
- *Delen kvinner i dosent- og professorstillingar (DBH)*
- *Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar<sup>5</sup> (DBH)*
- *Delen av samlingane og objekta ved universitetsmusea som er tilstrekkeleg sikra og bevart (DBH)*

---

<sup>5</sup> Styringsparameteren gjeld ikkje for private høgskolar.

### 2.3 Kandidatmåltal for 2019

Departementet har kandidatmåltal for helse- og lærerutdanningane. Dette er utdanningar der det er særleg viktig at sektoren når måla for å møte behovet i samfunnet. Kunnskapsdepartementet regulerer derfor talet på kandidatar i desse utdanningane. Kandidatmåltala er eit minstekrav til talet på uteksaminerte kandidatar frå den enkelte institusjonen. Tabellen nedanfor viser kandidatmåltal for 2019 fordelt på utdanningar og institusjonar.

Institusjon	Helsefagutdanningane															Lærerutdanningane								
	ABIOK- utd.	Audiografutd.	Biogemiorutd.	Tegnspråk og folkning	Ergoterapiutd	Klinisk ernæringsfysiologi	Farmasiutd. BA	Farmasiutd. MA	Fysioterapiutd.	Jordmorutd.	Medisinutd.	Odontologiutd.	Psykologi prof.utd.	Radiografutd.	Sjukepleiarutd.	Tannteknikarutd.	Tannpleiarutd.	Vernepleiarutd.	Barnehagelærerutd.	GLU 1-7	GLU 5-10	Integrert, 5 år	PPU og PPU-Y	Faglærerutd.
Nord universitet	26						21							352			30	124	97	72		102	41	
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet																					20	64		
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	134	29	73	20	57			12	52	25	114		63	51			70	149	94	75	222			69
Oslomet – storbyuniversitetet	120		50	20	51		41		134	34			34	492	20		147	323	151	102		205	88	104
Universitetet i Agder	25		20											203			35	113	65	43	28	135	20	
Universitetet i Bergen						24		25			164	45	80			30					28	211		
Universitetet i Oslo						32		55			200	62	112			20					109	289		
Universitetet i Stavanger	34													167				115	56	37	28	174	20	
Universitetet i Sørøst-Norge	51									20			20	344		20	57	232	138	86		202	68	
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	50		20		20			25	33	20	84	32	39	24	261		12	64	106	67	63	50	132	25

Mål

Institusjon	Helsefagutdanningane																Lærerutdanningane								
	ABIOK- utd.	Audiografutd.	Bioingeniørutd.	Tegnspråk og tolkning	Ergoterapiutd	Klinisk enæringsfysiologi	Farmasiutd. BA	Farmasiutd. MA	Fysioterapiutd.	Jordmorutd.	Medisinutd.	Odontologiutd.	Psykologi prof.utd.	Radiografutd.	Sjuepleiarutd.	Tannteknikarutd.	Tannpleiarutd.	Vernepleiarutd.	Barnehagelærerutd.	GLU 1-7	GLU 5-10	Integrert, 5 år	PPU og PPU-Y	Faglærerutd.	Yrkesfaglærerutd.
Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk														79			46								
Noregs idrettshøgskole																							30		
Noregs musikkhøgskole																							20		
Høgskolen i Innlandet	23													164		24	65	117	71	47			63	43	
Høgskulen på Vestlandet	60		39	20	30			68	35				25	435			86	248	186	137			276	48	
Høgskulen i Volda																		59	43	29			68		
Høgskolen i Østfold	20		22											109			61	94	47	32			103		
Samisk høgskole																		2	2	2					
Kunsthøgskolen i Oslo																							13		
Barratt Due Musikk institutt – Høyskoleavdelingen og Unge talenter																							20		
Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærerutdanning																		215							
Lovisenberg diakonale høgskole	48													167											
NLA Høgskolen																		57	34	23					
Steinerhøgskolen																		20	20	20					
VID vitenskapelig høgskole	50				30									339			110								
<b>Sum</b>	<b>641</b>	<b>29</b>	<b>224</b>	<b>60</b>	<b>188</b>	<b>56</b>	<b>62</b>	<b>117</b>	<b>287</b>	<b>134</b>	<b>562</b>	<b>139</b>	<b>294</b>	<b>154</b>	<b>3 537</b>	<b>20</b>	<b>106</b>	<b>771</b>	<b>1 825</b>	<b>1 126</b>	<b>787</b>	<b>338</b>	<b>2 329</b>	<b>353</b>	<b>173</b>

Departementet set måltal på kandidatar frå Kunsthøgskolen i Oslo og for tidlegare Kunst- og designhøgskolen i Bergen (no Universitetet i Bergen), jf. tabellen nedanfor. Tabellen blir endra ved ein auke eller reduksjon i tildeling frå departementet til studieplassar. Ut over dette fastset institusjonen egne ambisjonar.

<b>Institusjon</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Kunsthøgskolen i Oslo	194	194
Universitetet i Bergen <sup>6</sup>	110	110

### 2.4 Oppfølging frå departementet og hos institusjonane

Styringsdialogen mellom departementet og institusjonane består av desse hovudaktivitetane: tildelings- og tilskottsbrev frå departementet, årsrapport frå institusjonane, etatsstyringsmøte/dialogmøte og skriftleg tilbakemelding.

Ein analyse av resultatane i sektoren blir årleg lagt fram i tilstandsrapporten for høgre utdanning.

Årsrapportane, tilstandsrapporten og resultatrapporteringa til DBH utgjer hovudgrunnlaget for vurderinga departementet gjer av kvar institusjon. Vurderinga som er basert på eigenarten til institusjonen, ligg til grunn for styringsdialogen med kvar av dei statlege institusjonane i etatsstyringsmøta og i den årlege, skriftlege tilbakemeldinga. Departementet forventar at institusjonane set i verk tiltak for å følge opp tilbakemeldinga frå departementet.

Departementet vil framleis vurdere innretninga på etatsstyringsmøta på bakgrunn av blant anna erfaringane med møte annakvart år, institusjonssamanslåingane og prøveordningane med utviklingsavtalar.

Departementet etablerte i 2016 ei eiga tilsynseining som fører kontroll med private høgskolar som mottar statstilskott. Eininga fører tilsyn med om høgskolane oppfyller krava som blir stilte i lov, forskrift og tilskottsbrev.

Departementet har eit årleg dialogmøte med dei private institusjonane som får statstilskott.

---

<sup>6</sup> Gjeld måltal for kunstutdanningane frå tidlegare Kunst- og designhøgskolen i Bergen.

### 3 Budsjett for universitet og høgskolar

Samla løyving for programkategori 07.60 Høgre utdanning utgjer 39,3 mrd. kroner i 2019. Av dette blir 37,2 mrd. kroner løyvde over kap. 260 Universitet og høgskolar, 662,8 mill. kroner over kap. 270 Internasjonal mobilitet og sosiale formål for studentar, 914,9 mill. kroner over kap. 280 Felles einingar og 495,8 mill. kroner over kap. 281 Felles tiltak for universitet og høgskolar.

Nedanfor er ei oppsummering av større endringar for universitet og høgskolar i statsbudsjettet for 2019 samanlikna med 2018. Nærmare oversyn over budsjettendringane for kvar institusjon følger under kap. 3.4.

#### 3.1 Budsjett for 2019 over kap. 260 på Kunnskapsdepartementets budsjett

Nedanfor følger ei oversikt over vesentlege budsjettendringar over kap. 260. Beløpa er avrunda til nærmaste 1 000 kroner<sup>7</sup>. Endringar på kap. 260 som følge av flytting av midlar til eller frå andre kapittel er ikkje med i denne oversikta.

	<i>(i 1 000 kroner)</i>
Auka resultatbasert utteljing (kap. 260 post 50 og post 70)	299 178
Vidareføre auka opptakskapasitet frå 2014 (kap. 260 post 50)	4 579
Vidareføre auka opptakskapasitet frå RNB 2015 (kap. 260 post 50)	13 503
Vidareføre auka opptakskapasitet frå 2016 (kap. 260 post 50 og 70)	24 485
Vidareføre auka opptakskapasitet frå RNB 2016 (kap. 260 post 50 og 70)	36 550
Vidareføre auka opptakskapasitet frå 2017 (kap. 260 post 50 og 70)	48 879
Vidareføre auka opptakskapasitet frå RNB 2017 (kap. 260 post 50)	28 900
Vidareføre auka opptakskapasitet frå 2018 (kap. 260 post 50 og post 70)	51 260
Vidareføre auka opptakskapasitet frå RNB 2018 (kap. 260 post 50 og post 70)	11 267
Vidareføre rekrutteringsstillingar frå 2018 (kap. 260 post 50 og 70)	9 053
Vidareføre rekrutteringsstillingar frå RNB 2018 (kap. 260 post 50)	41 904
Reduksjon av midlar til samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåingar <sup>8</sup>	-50 000
Utfasing av midlar til samlokalisering av Universitetet i Bergen og Kunst- og designhøgskolen i Bergen (kap. 260 post 50)	-10 200
Utfasing av midlar til utstyr og inventar knytt til rehabilitering av universitetsmuseet (fase 2) ved Universitetet i Bergen (kap. 260 post 50)	-80 000
Utfasing av eingongsmidlar frå RNB 2018 til medisinsk utstyr og inventar ved SEARCH forskingssenter på Høyland ved Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (kap. 260 post 50)	-12 000
Reduksjon (0,5 pst.) knytt til avbyråkratisering og effektivisering (kap. 260 post 50 og 70)	-179 097

<sup>7</sup> Endringar som følge av konsekvensjusteringar av budsjettvedtak frå tidligare år er i 2018-kroner, medan dei andre beløpa er i 2019-kroner, jf. budsjettendringstabellane i kap. 3.3.1 og kap. 3.3.2. Tiltak som blei vedtatte i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2018, er konsekvensjusterte til 2019-kroner. Dette gjeld vidareføring av opptakskapasitet og rekrutteringsstillingar frå RNB 2018.

<sup>8</sup> I tillegg er 80 mill. kroner omdisponert til andre tiltak, jf. omtale under kap. 3.4.3.

## Budsjett 2019

I tillegg løyver Stortinget i samband med budsjettforliket midlar til følgande:

	<i>(i 1 000 kroner)</i>
207 nye studieplassar (kap. 260 post 50 og 70)	8 477
16 nye rekrutteringsstillingar (kap. 260 post 50 og 70)	6 772
Midlar til medisinsk utstyr og inventar ved SEARCH forskingssenter på Høyland ved Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (kap. 260 post 50)	10 000
Midlar til utgreiing for å planlegge masterutdanning i klinisk medisin (kap. 260 post 50)	5 000
Midlar til Senter for yrkesfag ved Universitetet i Agder (kap. 260 post 50)	3 900
Midlar til ein sorgstudie etter 22. juli ved Senter for krisepsykologi ved Universitetet i Bergen (kap. 260 post 50)	1 300
Midlar (halvårsvirkning) til Senter for orientalske språkfag ved MF vitenskapelig høyskole (kap. 260 post 70)	2 600
Midlar (halvårsvirkning) til Høyskolen for dansekunst (kap. 260 post 70)	1 000
Midlar (halvårsvirkning) til eit professorat i antisemittisme (kap. 260 post 70)	500
Midlar til Samisk høyskole for å utvikle og etablere sjukepelearutdanning på samisk i samarbeid med Universitetet i Tromsø – Noregs aktiske universitet (kap. 260 post 50)	992

### 3.2 Universitets- og høgskolebygg over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet og for Helse- og omsorgsdepartementet

Nedanfor er ei oversikt over midlar i 2019 til å prosjektere, rehabiliterer og oppføre bygg i universitets- og høgskolesektoren over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Beløpa er i 2019-kroner og avrunda til nærmaste 1 000 kroner, jf. Prop 1 S. (2018–2019) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

	<i>(i 1 000 kroner)</i>
Prosjektering av nytt bygg for Odontologisk fakultet ved Universitetet i Oslo (kap. 530 post 30)	10 000
Prosjektering av nybygg for Tromsø museum ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (kap. 530 post 30)	10 000
Prosjektering av nybygg for Griegakademiet, Universitetet i Bergen (kap. 2445 post 30) <sup>9</sup>	7 500
Prosjektering av nybygg for Fakultet for biovitenskap og akvakultur i Bodø, Nord universitet (kap. 2445 post 30)	12 900
Prosjektering av nytt campus for NTNU i Trondheim (kap. 530 post 30)	2 500
Vidareføring av byggeprosjekt for nybygg for livsvitenskapsbygget ved Universitetet i Oslo (kap. 530 post 33)	383 000
Midlar til utstyr og inventar til livsvitenskapsbygget ved Universitetet i Oslo (kap. 530 post 45)	15 000
Avslutning og reklamasjonsfase for rehabiliteringsprosjekt for Universitetsmuseet i Bergen ved Universitetet i Bergen (kap. 530 post 33)	20 000

<sup>9</sup> Kunnskapsdepartementet har ikkje sendt oppdragsbrev for prosjektet.

## Budsjett 2019

---

Avslutning og reklamasjonsfase for byggeprosjekt for nybygg for medisin og helsefag ved Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet (kap. 530 post 33)	118 300
Vidareføring av byggeprosjekt for Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet og Veterinærinstituttet (kap. 530 post 33)	1 157 000
Midlar til utstyr og inventar for Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet og Veterinærinstituttet (kap. 530 post 45)	178 000
Avslutning og reklamasjonsfase for nybygg for kunst og design ved Universitetet i Bergen (kap. 2445 post 33)	5 000
Avslutning og reklamasjonsfase for rehabilitering av Noregs idrettshøgskole (kap. 530 post 33)	70 400
Avslutning og reklamasjonsfase for nybygg for informasjonsvitenskap ved Universitetet i Oslo (kap. 530 post 33)	20 700

I 2019 blir følgande kurantprosjekt som er under gjennomføring, førte vidare med prosjekteringsmidlar over Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett, kap. 530:

- Ombygging og nybygg for Universitetet i Sørøst-Noreg, campus Ringerike
- Nytt bygg for Høgskolen på Vestlandet, campus Kronstad
- Nybygg for lærarutdanninga, Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet

I tillegg kjem kurantprosjekta som framleis er under prosjektering, og som kan bli starta opp i løpet av hausten 2018 eller i 2019. Byggeprosjekt innanfor kurantordninga blir realiserte over Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett, kap. 2445.

Stortinget har vedtatt å overføre ansvaret for å forvalte eigedommane til Noregs handelshøgskole (NHH) til Statsbygg, til saman 33 667 kvm. Eigedommane blir med dette innlemma i statens husleigeordning.

Regjeringa vil sikre gode og effektive planprosessar for utbygging av nye sjukehus med universitetsareal. Prosjekta skal gjennomførast som felles byggeprosjekt mellom universitet og helseføretak.

Hovudmodellen for finansiering av nye universitetsareal i sjukehus blir ein leigemodell der helseføretaka eig bygga når dei er ferdige, og universiteta leiger areal av helseføretaka. Dei regionale helseføretaka kan søke om finansiering av prosjekta i tråd med systemet for finansiering av sjukehusinvesteringar. For utbygging av universitetsareal kan dei regionale helseføretaka søke om 100 pst. lån. Husleigekompensasjon for universitetsareal i sjukehusbygg blir handtert i tråd med prinsipp for fastsetting av husleigekompensasjon i statlege bygg. Forslag om auka løyvingar til husleige blir behandla i den ordinære budsjettprosessen saman med forslag om løyving til investeringslån for prosjektet.

I nytt universitetssjukehus i Stavanger skal det byggast universitetsareal for medisinutdanninga ved Universitetet i Bergen. Estimerte kostnader for bygging av universitetsareala er 53 mill. kroner (2019-tal). Stortinget har vedtatt å utvide låneramma til Helse Vest RHF for bygging av desse areala. Midlane skal utbetalast frå 2020. Sjå omtale i Prop. 1 S (2018–2019) for Helse- og omsorgsdepartementet, kap. 732 Regionale helseforetak.

Det vil bli gitt 40 pst. husleigekompensasjon til Universitetet i Bergen for å dekke auka husleige i dei nye lokala.

Helse Nord RHF skal bygge nytt sjukehus på Rossmolla i Hammerfest. Prosjektet omfattar òg universitetsareal for Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet sin aktivitet i Hammerfest. Universitetet har helsefaglege utdanningar, fagmiljø som driv helsevitskapleg forskning og utvikling og studentgrupper som gjennomfører dei siste to åra av profesjonsutdanninga i medisin i Hammerfest. Denne aktiviteten driv universitetet i dag i lokale dei leiger frå Statsbygg. Stortinget har vedtatt ei samla låneramme på 1 893 mill. kroner (2019-tal) til Helse Nord RHF for å gjennomføre prosjektet. Universitetsareala utgjer 200 mill. kroner. Sjå omtale i Prop. 1 S (2018–2019) for Helse- og omsorgsdepartementet, kap. 732 Regionale helseforetak. Det vil bli gitt 50 pst. husleigekompensasjon til Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet for å dekke auka husleige i dei nye lokala.



### 3.3 Satsar for studieplassar og indikatorane i finansieringssystemet

Dette kapitlet gir en oversikt over alle satsar for indikatorane i finansieringssystemet for universitet og høyskolar.

#### 3.3.1 Satsar for studieplassar i basis

Tabellen nedanfor viser satsane for studieplassar i de ulike kategoriane. Utdanningane er fordelte på seks kategorier, A-F<sup>10</sup>, som har kvar sine satsar. Satsane blir førte vidare på same nivå som i 2018 og justerte med anslått prisvekst på 2,9 pst. til 2019-kroner.

*Satsar i basis for ein studieplass 2019 (tal i kroner)*

Kategori	Utdanning	Studieplass (60-studiepoengseining)
Kategori A	Kliniske utdanningar o.a.	242 850
Kategori B	Utøvande musikkutdanning, arkitektur- og designutdanningar o.a.	183 150
Kategori C	Realfag på høgre grads nivå o.a.	124 500
Kategori D	Samfunnsvitskaplege og humanistiske fag på høgre grads nivå, grunnskolelærerutdanning, enkelte kostnadskrevjande helsefag- og faglærerutdanningar, praktiske mediefag	87 450
Kategori E	Helsefag-, lærar- og realfagsutdanningar på lågare grads nivå	75 100
Kategori F	Teorifag og sosialfaglege utdanningar på lågare grads nivå	62 750

#### 3.3.2 Satsar for indikatorar med open budsjettramme

Resultatindikatorane med open budsjettramme er studiepoeng, kandidatar, doktorgradskandidatar, utvekslingsstudentar og utreisande studentar på Erasmus+-programmet. Indikatorane med open budsjettramme blir førte vidare på same nivå som i 2018 og justerte med anslått prisvekst på 2,9 pst. til 2019-kroner.

Indikatorane for kandidatar og studiepoeng er delte inn i seks kategoriar, A–F. Lengda på utdanningane varierer innanfor kvar kategori frå eitt til seks år. Departementet gir derfor dobbel sats for kandidatar på integrerte femårige mastergradsprogram og andre utdanningar som har lengde på fem eller seks år.

*Satsar i resultatbasert uttelling for studiepoeng og kandidatar*

Kategori	Utdanning	Studiepoeng	Kandidatar (enkel uttelling)	Kandidatar (dobbel uttelling)
Kategori A	Kliniske utdanningar o.a.	132 750	100 850	201 700
Kategori B	Utøvande musikkutdanning, arkitektur- og designutdanningar o.a.	101 850	76 150	152 300

<sup>10</sup> Sjå kap. 4.2.2.1 for nærmare oversikt over plassering av utdanningar i kategoriar.

## Budsjett 2019

Kategori	Utdanning	Studiepoeng	Kandidatar (enkel utteljing)	Kandidatar (dobbel utteljing)
Kategori C	Realfag på høgre grads nivå o.a.	67 900	50 400	100 800
Kategori D	Samfunnsvitskaplege og humanistiske fag på høgre grads nivå, grunnskolelærerutdanning, enkelte kostnadskrevjande helsefag- og faglærerutdanningar, praktiske mediefag	49 400	38 050	76 100
Kategori E	Helsefag-, lærar- og realfagsutdanningar på lågare grads nivå	40 150	30 850	61 700
Kategori F	Teorifag og sosialfaglege utdanningar på lågare grads nivå	33 950	25 700	51 400

*Satsar i resultatbasert utteljing for doktorgradskandidatar, utvekslingsstudentar og utreisande studentar på Erasmus+-program*

Indikator	Satsar i kroner
Doktorgradskandidatar	387 950
Utreisande studentar på Erasmus+-program	15 450
Utvekslingsstudentar	10 300

### 3.3.3 Satsar for indikatorar med lukka budsjettramme

Resultatindikatorane med lukka budsjettrammer er publiseringspoeng, midlar frå EU, midlar frå Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond samt inntekter frå bidrags- og oppdragsverksemd. Nedanfor er ei oversikt over satsane og dei lukka rammene for indikatorane. For eksempel: For kvart publiseringspoeng får institusjonen ei utteljing på 23 572 kroner i 2019. For kvar EU-krone institusjonen får tildelt, får han 0,935 kroner i resultatbasert utteljing. Dei fire rammene er fordelte kvar for seg og med bakgrunn i resultatata til institusjonane på indikatorane.

*(tal i kroner)*

Indikator	Rammer	Satsar
Publiseringspoeng	581 231 000	23 572
Midlar frå EU	528 392 000	0,935
Midlar frå Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond	317 035 000	0,095
Inntekter frå bidrags- og oppdragsverksemd	317 035 000	0,105

Publiseringspoeng blir berekna ut frå publiseringsform, kvalitetsnivå og forfattardelar, og skal bidra til ein fagnøytral publiseringsindikator og auka stimulans til samarbeid om vitenskapleg publisering nasjonalt og internasjonalt. Tabellen nedanfor viser korleis dei ulike publikasjonsformene blir vekta i to kvalitetsnivå for den enkelte publikasjonsforma. Sjå nettstaden <https://npi.nsd.no/> for meir informasjon om publiseringsindikatoren.

<b>Vitenskaplege publikasjonar</b>	<b>Vekt nivå 1</b>	<b>Vekt nivå 2</b>
Artiklar i vitenskaplege tidsskrift	1	3
Artiklar i antologiar	0,7	1
Monografiar	5	8

### 3.4 Budsjett per institusjon (kap. 260)

Kap. 3.4.1 og kap. 3.4.2 gir nærmare oversikt over endringar frå 2018 til 2019 i budsjetttrammene for dei enkelte universiteta og statlege høgskolane over kap. 260 post 50 og for dei enkelte private høgskolane over kap. 260 post 70. For institusjonar som har fusjonert i perioden f.o.m. januar 2018 t.o.m januar 2019, er endringar i løyving slåtte saman under nytt institusjonsnamn.<sup>11</sup>

I tillegg til budsjettendringane som er presenterte i kap. 3.4.1 og kap. 3.4.2, tildeler departementet midlar til rekrutteringsstillingar og studieplassar. Sjå omtale under kap. 3.4.4 og kap. 3.5.1. Vidare blir midlar til samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåingar og midlar til oppgradering av bygg førte vidare. Sjå omtale under kap. 3.4.3.

Tabellane med budsjettendringar per institusjon er bygde opp som følger:

Utgangspunktet er *Saldert budsjett 2018* som er løyving/tilskott per institusjon i endeleg tildelingsbrev/tilskottsbrev for 2018.

*Konsekvensjusteringar* er vidareføring og opptrapping eller utfasing av midlar som følge av tidlegare budsjettvedtak i Stortinget, målt i 2018-kroner. Konsekvensjusteringsbeløpa omfattar blant anna budsjetteffekt av nye studieplassar, rekrutteringsstillingar, utfasing av eingongsmidlar. I denne kolonnen inngår reduksjonen på 0,5 pst. som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

Saldert budsjett 2018 og konsekvensjusteringane blir deretter justerte med anslått pris- og lønnsauke frå 2018 til 2019. Dette er vist i kolonnen *Justering for pris- og lønnsauke*.

Kolonnen *Nye rekrutteringsstillingar* viser budsjetteffekten i 2019-kroner for midlar til nye rekrutteringsstillingar i 2019. Sjå kap. 3.4.4 for oversikt over rekrutteringsstillingar per institusjon.

Kolonnen *Nye studieplassar* viser budsjetteffekten i 2019-kroner for midlar til nye i 2019. Sjå kap. 3.5.1 for oversikt over studieplassar per institusjon. Kolonnen *Andre endringar* viser budsjetteffekten i 2019-kroner av tiltak med verknad for enkelte institusjonar, jf. forklaringane for den enkelte institusjonen. I denne kolonnen inngår 44,5 mill. kroner som er ei justering av midlar i basis, som følge av førebels omfordeling av basismidlar ved endringar i finansieringssystemet i 2017. Sjå nærmare forklaring i kap. 4.

Kolonnane under *Resultatbasert utteljing* viser budsjetteffekten i 2019-kroner. Første kolonne viser auke i resultatbasert utteljing som følge av indikatorar med open budsjetttramme. Andre kolonne viser omfordeling som følge av resultat på indikatorar med lukka budsjetttramme. Kap. 4.2 gir oversikt over data som ligg til grunn for beløpa i desse kolonnane.

*Budsjett for 2019* er saldert budsjett for 2018 justert med endringane i kolonnane som følger etter kolonnen *Saldert budsjett 2018*.

---

<sup>11</sup> Frå 1. august 2018 er Høgskolen Kristiania og Westerdals Høyskole – Oslo School of Art, Communication and Technology slåtte saman til ein institusjon under namnet Høgskolen Kristiania.

## Budsjett 2019

### 3.4.1 Universitet og statlege høgskolar (kap. 260 post 50)

Oversikt over budsjettendringar per institusjon frå 2018 til 2019

Institusjon	Basis						Resultatbasert utteljing		Budsjett 2019
	Saldert budsjett 2018	Konsekvensjusteringar	Justering for pris- og lønnsauke <sup>12</sup>	Nye rekrutteringsstillinger	Nye studieplassar	Andre budsjettendringar	Resultatbasert utteljing open ramme <sup>13</sup>	Resultatbasert utteljing lukka ramme <sup>14</sup>	
Nord universitet	1 370 763 000	-3 279 000	39 657 000			2 069 000	-8 633 000	1 907 000	1 402 484 000
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet	1 256 710 000	-11 136 000	36 470 000			11 581 000	13 075 000	-1 092 000	1 305 608 000
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	6 487 014 000	2 459 000	188 194 000			5 722 000	23 830 000	9 009 000	6 716 228 000
OsloMet – storbyuniversitetet	2 356 376 000	2 820 000	68 417 000			-2 662 000	19 148 000	5 395 000	2 449 494 000
Universitetet i Agder	1 402 102 000	7 558 000	40 880 000		1 530 000	9 673 000	18 338 000	3 856 000	1 483 937 000
Universitetet i Bergen	3 532 248 000	-84 624 000	99 981 000			13 903 000	34 273 000	11 993 000	3 607 774 000
Universitetet i Oslo	5 488 268 000	-11 952 000	158 813 000			26 525 000	59 995 000	-33 536 000	5 688 113 000
Universitetet i Stavanger	1 533 782 000	10 070 000	44 772 000	1 693 000	743 000	9 987 000	22 851 000	-1 704 000	1 622 194 000
Universitetet i Sørøst-Norge	1 778 367 000	1 656 000	51 621 000			-1 426 000	17 077 000	-50 000	1 847 245 000
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	3 174 754 000	-1 047 000	92 038 000		704 000	10 182 000	18 336 000	-1 615 000	3 293 352 000
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	178 995 000	-897 000	5 165 000			3 076 000	-987 000		185 352 000
Høgskolen i Molde, vitenskapleg høgskole i logistikk	227 619 000	7 739 000	6 825 000			-1 422 000	1 797 000	-87 000	242 471 000
Noregs handelshøgskole	460 493 000	-195 000	13 349 000			8 152 000	-449 000	-1 941 000	479 409 000
Noregs idrettshøgskole	199 160 000	-999 000	5 747 000			932 000	125 000	3 287 000	208 252 000
Noregs musikkhøgskole	266 359 000	-899 000	7 645 000			3 780 000	10 715 000		287 600 000
Høgskolen i Innlandet	1 094 691 000	-3 374 000	31 648 000			4 787 000	4 740 000	1 946 000	1 134 438 000
Høgskulen på Vestlandet	1 905 586 000	10 174 000	55 557 000			-3 219 000	25 678 000	3 133 000	1 996 909 000

<sup>12</sup> Pris- og lønnsauke på 2,9 pst. Frå 2018 til 2019.

<sup>13</sup> Sjå kap. 4.2.2 for dokumentasjon av resultatbasert utteljing open ramme.

<sup>14</sup> Sjå kap. 4.2.3 for dokumentasjon av resultatbasert utteljing lukka ramme.

## Budsjett 2019

*Oversikt over budsjettendringar per institusjon frå 2018 til 2019*

Institusjon	Basis					Resultatbasert utteljing		Budsjett 2019	
	Saldert budsjett 2018	Konsekvensjusteringar	Justering for pris- og lønnsauke <sup>12</sup>	Nye rekrutteringsstillinger	Nye studieplassar	Andre budsjettendringar	Resultatbasert utteljing open ramme <sup>13</sup>		Resultatbasert utteljing lukka ramme <sup>14</sup>
Høgskulen i Volda	354 975 000	-1 357 000	10 255 000			-1 620 000	-528 000	-918 000	360 807 000
Høgskolen i Østfold	648 496 000	1 400 000	18 847 000			-792 000	4 947 000	1 402 000	674 300 000
Kunsthøgskolen i Oslo	347 705 000	-1 743 000	10 033 000			3 904 000	-388 000		359 511 000
Samisk høgskole	90 678 000	-455 000	2 616 000			784 000	-227 000	888 000	94 284 000

## Forklaringar på endringar for universitet og statlege høgskolar

### Nord universitet

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 637 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2016. Auke på 1 700 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2017. Auke på 1 275 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2018. Reduksjon på 6 891 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.
- **Andre endringar:** Auke på 6 349 000 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2018. Reduksjon på 4 280 000 kroner som følge av ei justering av basis knytt til endringar i finansieringssystemet i 2017.

### Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 826 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2014. Auke på 425 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2015. Auke på 425 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2016. Auke på 2 975 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2017. Auke på 2 550 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2018. Reduksjon på 12 000 000 kroner som følge av utfasing av midlar til medisinsk utstyr og inventar til SEARCH forskingssenter ved Høyland. Reduksjon på 6 337 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.
- **Andre endringar:** Auke på 10 000 000 kroner til medisinsk utstyr og inventar ved SEARCH forskingssenter på Høyland. Auke på 1 581 000 kroner som følge av ei justering av basis knytt til endringar i finansieringssystemet i 2017.

### Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet

---

